

## ÅRSMELDING FOR ROGALAND OG AGDER REDAKTØRFORENING 2011/2012

Årsmøtet vart halde 10. februar 2011 på Farsund Resort i Farsund. Årsmelding og rekneskap for perioden 2009/2010 vart einstemmig godkjende.

Følgjande styre vart valt for toårsperioden: Tom Hetland, Stavanger Aftenblad (leiar), Marianne Drivdal, Tvedestrandsposten, Morten Rød, Agderposten.

Borghild Balchen, Stavanger Aftenblad, har fungert som sekretær og kasserar .

### Generelt om aktiviteten

Det er stadig vanskeleg å samla folk til ulike aktivitetar. Frammøtet på samlingane har stort sett vore rundt 20, men berre halvparten så mange deltok på det siste møtet i Kristiansand i august. Styret har eit klart inntrykk av at redaktørane har ein travlare kvardag. Nedbemanningar i mange redaksjonar har auka presset på den enkelte leiar. I tillegg er dei fleste avisene med i konsern, som har sine egne samlingar som redaktørane må stilla opp på. I slike tider er det likevel ikkje mindre viktig enn før å ta vare på redaktørfellesskapet på tvers av mediehus og eigargrupperingar.

I september 2011 gjennomførte styret ei medlemsundersøking. 31 medlemmer (dvs. cirka halvparten) svarta på spørsmål på e-post. Det viste seg at medlemmene er ganske godt fornøgde med aktivitetsnivået til foreininga, både omfang og innhald. Det viktigaste for medlemmene er å bli oppdaterte på utviklinga i bransjen, og at foreininga er eit forum for utveksling av erfaringar og råd. Styret har tatt konsekvensen av det ved å utvida programposten "Kysten Rundt" på møta.

### Medlemsmøte

Alle møte i 2011 og 2012 er haldne i samarbeid med utgivarforeininga. I staden for vår- og haustmøte har me gått over til sommar- og vintersamlingar. Det skuldast delvis at samarbeidet med Journalistlaget om Sommarkonferansen (vekselvis i Kristiansand og Stavanger) har kome inn i faste former, dels at Norsk Redaktørforening sentralt legg opp til regionale årsmøte tidleg i arbeidsåret.

Det kombinerte medlemsmøtet og årsmøtet i Farsund 10. februar 2011 samla 21 medlemmer frå RAR, 10 frå utgivarane.

Den faglege fellesbolken hadde leseplater og sosiale medium som hovudtema. Innleiarar var universitetslektor Espen Reiss-Mathiesen frå Universitetet i Stavanger, digitalredaktør Kirsten Myklebust i Stavanger Aftenblad og redaktør i Gjesdalbuen, Bjørn Egil Gilje.

Are Stokstad frå MBL og Arne Jensen frå NR orienterte om aktuelle mediepolitiske spørsmål, først og fremst innstillinga frå mediestøtteutvalet.

Sommarmøtet i Stavanger 1. september hadde lokalvalkampen som hovudtema, med førsteamanuensis Ketil Knutsen frå Universitetet i Stavanger som hovudinnleiar. Redaktør Jan Arve Ødegård frå Tidens Krav presenterte offentlegheitsprosjektet til Møre og Romsdal

Redaktørforening, som me seinare har laga ein eigen variant av. Digitaldirektør i Media Norge, Stig Waagbø, orienterte om digital utvikling i mediehusa.

Vintermøtet i 2012 gjekk av stabelen i Kristiansand 2. februar. Tema var offentlegheitsprosjektet, betaling på nett (sjefredaktør Eivind Ljøstad orienterte om Fædrelandsvennen sitt "x-filesprosjekt") og eigarskap, der sjefredaktør i Rogalands Avis, Bjørn Sæbø, generalsekretær Randi Øgrey i MBL og ass. generalsekretær Arne Jensen i NR innleia til debatt.

Sommarmøtet i Kristiansand 24. august vart halde i tilknytning til Sommarkonferansen, utan at det hjelpte på frammøtet. Det gode og aktuelle programmet på konferansen, blant anna om bemanningskutt, truslar mot mediefolk og "klipp-og-lim-journalistikk på nett" burde ha samla fleire redaktørar. Vårt eige møte hadde offentlegheitsprosjektet (v/prosjektsekretær Torbjørn Kindingstad) og tekstreklameplakaten (v/NR-generalsekretær Nils E. Øy) som hovudtema. Morten Rød var vår representant i programkomiteen for Sommarkonferansen 2012, mens Tom Hetland er med i komiteen for konferansen i Stavanger i 2013.

### **Kurs**

I 2012 vart det, etter positive signal frå medlemsmøte, gjort forsøk på å arrangera regionalt redaktørkurs i NR-modulen "Slik leder du deg selv – og andre" i Kristiansand. Første kurs, i februar, vart avlyst på grunn av dårleg påmelding. Me prøvde igjen i mars og fekk 7 påmelde i utgangspunktet, nok til å halda kurset. I tida fram til kursdag kom det stadig nye forfall, og til slutt stod det igjen to deltakarar.

Den eine av desse fylte ut evalueringsskjema, og var svært godt fornøgd.

### **Turar**

Både i 2011 og 2012 er det arrangert studieturar i samarbeid med Vestafjelske Redaktørforening. Frå oss har det vore 8-9 deltakarar, inkludert følgje, kvar gong, mens Vestafjelske har hatt om lag dobbelt så mange med.

Turen i april 2011 gjekk til Island, og dei fleste fekk i tillegg med seg to livlege bonusdagar på grunn av sterk vind på flyplassen. Det faglege programmet omfatta mellom anna besøk i Morgunbladid, der me fekk møta den karismatiske sjefredaktøren David Oddsson, med ei fortid som både statsminister og sentralbanksjef forut for finanskrisa. Det hadde tydelegvis ikkje sett han ut av spel. Besøket fekk aktualitet ved at islendingane arrangerte folkerøysting om Icesave-avtalen same helga.

I april 2012 var Skottland reisemål. Me budde i Edinburgh, men tok ein avstikkar til Glasgow og besøkte BBC Scotland sitt imponerande bygg i det gamle verftsomområdet ved Clyde. Gjestfrie skottar sette av store delar av laurdagen til å orientera og visa oss rundt. Programmet omfatta også besøk i det skotske parlamentet og møte med to framstående avisdesignerar.

Styret er innstilt på å halda fram med studieturane, men vurderer det år for år. Til våren går turen til Athen.

### **"Aksjon døråpner"**

Etter inspirasjon frå Møre og Romsdal Redaktørforening (jf. møtet i Stavanger 1. september 2011) vart det vedtatt å starta opp eit tilsvarande prosjekt i Rogaland og Agder. Føremålet er å kartleggja praktiseringa av offentleglova, særleg i dei halvoffentlege selskapa i regionen, og skjerpa redaksjonane i å bruka lova. Tidlegare politisk redaktør i Stavanger Aftenblad, Torbjørn Kindingstad, vart engasjert som prosjektsekretær, og det vart nedsett ei prosjektgruppe med representantar frå dei største redaksjonane. Rapport frå prosjektet skal vera klar på nyåret.

### **Mediepolitikk**

Styret har gitt høyringsuttale om innstillingane frå mediestøtteutvalet og tekstreklameutvalet. I tillegg har me uttalt oss om framlegget til handlingsprogram for NR 2011-2013.

### **Medlemstal**

Rogaland og Agder Redaktørforening har ved årsskiftet 2012/2013 62 ordinære betalande medlemmer, tre fleire enn for to år sidan. I tillegg kjem 25 pensjonistar (pluss åtte). Den positive medlemsutviklinga er svært gledeleg, sett i lys av dei vanskelege tidene i bransjen.

Stavanger, 15. januar 2013

Tom Hetland, leiar

Marianne Drivdal, Morten Rød

styremedlemmer